



IVELAND KOMMUNE

Kompetansesenteret

Barne og familiedepartementet
Postboks 8039 Dep.

0030 Oslo

BARNE- OG FAMILIEDEP	KASS
ARKIVNR.: 330,01	ÅR.
23 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.
SAKSNR. 200502756	

2005 - 111

Vår ref:
2005/297 - 0

Saksbehandler:
Line Håberg Løvdal, ☎ 37961265

Arkivkode:
A10/800

Dato:
21.11.2005

Høring Iveland Kommune- forslag til forskrifter til ny barnehagelov

Iveland kommune har i Levekårsutvalget 16.11.2005 handsama høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov.

Levekårsutvalget fatta følgjande vedtak til uttale om høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov:

1. Iveland kommune støtter departementets forslag om å vidareføre den noverande pedagogognorm, dvs. ein leiar per 14-18 born, når borna er over 3 år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under 3 år.
2. Iveland kommune meiner at det ikkje er behov for å halde ved lag særregler for personer under førskulelærarutdanning.
3. Iveland kommune meiner at det er opp til den einskilde kommune å vurdere om det er formålstenleg å gje løyve til dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar og styrar inntil 1 år.
4. Iveland kommune meiner det er viktig å sikre arealkravet likt dagens nivå.

Vedlagt følgjer saksframlegg, vedlegg 1.

Til sakshandsaminga i Iveland kommune kom det innspel frå Skaiå barnehage og Utdanningsforbundet i Iveland. Deira innspel følgjer vedlagt, vedlegg 2 og 3.

Med helsing
Iveland kommune

Line Håberg Løvdal
Line Håberg Løvdal
sakshandsamar

Vedlegg:

1. Saksframlegg Høyring Iveland kommune- forslag til forskrifter ny barnehagelov.
2. Skaiå barnehage- høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov
3. Utdanningsforbundet i Iveland- høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov.

Arkiv: A10
Saksmappe: 2005/297 -1052/2005
Saksbehandler: LLØ
Dato: 26.10.2005

Saksframlegg

Iveland kommune

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
24/05	Levekårsutvalget	16.11.2005

Høring Iveland Kommune- forslag til forskrifter til ny barnehagelov

Rådmannens innstilling:

1. Iveland kommune meiner at det er opp til den einskilde kommune å vurdere pedagogtettleiken i sine barnehager. Iveland kommune meiner at det er formålstenleg at forskriften skisserer antal barn per pedagogisk leiar..
2. Iveland kommune meiner at det ikkje er behov for å halde ved lag særregler for personer under førskulelærarutdanning.
3. Iveland kommune meiner at det er opp til den einskilde kommune å vurdere om det er formålstenleg å gje løyve til dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar og styrar.
4. Når det gjeld krav til areal, så meiner Iveland kommune at det ikkje skal vere nokon norm på dette, men at det er opp til den einskilde kommune å vurdere. Iveland kommune meiner at barnehagen skal ha tilstrekkeleg areal både inne og ute, og at ein skal sjå areal i samanheng med den aktuelle barnegruppa, alderssamansetning, kjønn m.m.

Saksprotokoll i Levekårsutvalget - 16.11.2005

Behandling:

Åse Gunn Engestøl fremmet følgende forslag:

1. Iveland kommune støtter departementets forslag om å vidareføre den nåverande pedagognormen dvs. ein leiar pr. 14-18 barn, når barn er over 3 år, og ein pedagogisk leiar pr. 7-9 barn når barn er under 3 år.
2. Iveland kommune meiner at det ikkje er behov for å halde ved lag særregler for personer under førskulelærarutdanning.
3. Iveland kommune meiner at det er opp til den einskilde kommune å vurdere om det er formålstenleg å gje løyve til dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar og styrar inntil 1 år.
4. Iveland kommune meiner det er viktig å sikre arealkravet likt dagens nivå.

Forslaget fra Åse Gunn W. Engestøl ble vedtatt med 5 stemmer.
Rådmannens innstilling fikk 2 stemmer.

Vedtak:

1. Iveland kommune støtter departementets forslag om å vidareføre den nåverande pedagogognormen dvs. ein leiar pr. 14-18 barn, når barn er over 3 år, og ein pedagogisk leiar pr. 7-9 barn når barn er under 3 år.
2. Iveland kommune meiner at det ikkje er behov for å halde ved lag særregler for personer under førskulelærarutdanning.
3. Iveland kommune meiner at det er opp til den einskilde kommune å vurdere om det er formålstenleg å gje løyve til dispensasjon frå utdanningskravet for pedagogisk leiar og styrar inntil 1 år.
4. Iveland kommune meiner det er viktig å sikre arealkravet likt dagens nivå.

SAKSUTREDNING

Sammendrag/ konklusjon

Ny barnehagelov trer i kraft frå 1.januar 2006. Forslag til revidert rammeplan vart sendt på alminneleg høyring 7.september 2005.

Iveland kommune har hatt saken ute til høyring i barnehagane, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og KFO. Fristen for å kome med innspel var 1.november 2005.

Skaiå barnehage og Utdanningsforbundet har kome med innspel til høyringa.

Departementet foreslår at den noverande pedagogognormen vert vidareført, dvs. ein pedagogisk leiar per 14-18 born, når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under tre år. Høyringsinstansane vert særskild bedne om å vurdere om desse forholdstala er formålstenlege, eller om det bør vere andre tal barn per pedagogisk leiar.

Rådmannen tilrår at dei forholdstala som departementet foreslår ikkje vert halde ved lag.

Bakgrunnen for dette er at rådmannen ser dette som lite formålstenleg. Dei lokale politikarane kjenner dei lokale forholda og kan vurdere den pedagogtettleik som er formålstjenleg.

Rådmannen meiner at ein må sjå pedagogtettleik i samanheng med den aktuelle barnegruppa, samansetning i alder, kjønn m.m. Rådmannen i Iveland kommune ser at det er naudsynt med pedagogar i barnehagen, og at forholdstal i ein forskrift kan vere til hinder for at ein tilsett fleire pedagogar enn det forholdstala skisserer.

Departementet ber spesielt om synet til høyringsinstansane når det gjeld å halde ved lag særregler for personer under førskulelærarutdanning.

Rådmannen tilrår at det ikkje er behov for å halde ved lag særregler for personer under førskulelærarutdanning.

Forslag til forskrift for ny barnehagelov skisserer ikkje norm for areal i barnehagen, slik den noverande rammeplanen gjer. Skaiå barnehage og Utdanningsforbundet legg i sine innspel vekt på at det må vere krav til areal.

Rådmannen tilrår at det ikkje vert satt opp ein norm for areal i barnehagen. Rådmannen tilrår at dette vert opp til den einskilde kommune å vurdere. Dei lokale forholda kan vere ulike, og rådmannen meiner at det viktig å sjå areal i samanheng med den aktuelle barnegruppa/gruppane, aldersamansetning, kjønn. Barnehagen skal ha tilstrekkeleg areal både inne og ute.

Bakgrunn for saken

Barne- og familiedepartementet (BFD) sendte 26. september ut høyring om forslag til øvrige åtte forskrifter. Fristen for å kome med innspel til BFD er 21. november.

Rådmannen i Iveland kommune ynskjer ei politisk handsaming av forslaget til høyring.

I samband med den politiske handsaminga av saka vart høyringa sendt til barnehagane, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og KFO. Styrar i barnehagen fekk sjølv vurdere om høyringa skulle leggjast fram for samarbeidsutvalet i barnehagen.

Til høyringa ynskja rådmannen at instansane kom med innspel til forskriftane.

Departementet foreslår at pedagognorma barnehagen har i dag vert vidareført, det inneber at det skal vere ein pedagogisk leiar per 14-18 born når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under tre år. Høyringsinstansane vert særskild bedne om å vurdere om desse forholdstalla er formålestenlege, eller om det bør vere andre tal på barn per pedagogisk leiar.

Under forslag til forskrift om dispensasjon og unntak frå kravet til utdanning ber departementet om synet til høyringsinstansane om det er rett å halde ved lag eigne særregler for personer under førskulelærarutdanning.

Formelt grunnlag

Forslag til forskrifter til ny barnehagelov er ei oppfølging av handsaminga i Stortinget av OT.prp. 72 (2004-2005) om lov om barnehager (barnehageloven). Departementet har gått gjennom dei eksisterande forskrifter med tanke på kvalitet, og forenkling. Det er ikkje foretatt nokon større materielle endringer i forhold til forskriftane som gjeld i dag.

Ved handsaming av forslaget til lov for barnehagen vart det vedtak om at det framleis skal vere krav til utdanning til styrar og pedagogisk leiar, og at det framleis skal vere reglar for dispensasjon i forskrift. Det vart i denne samanheng vedteke at kommunen skal få kompetanse til å innvilge både dei mellombelse og dei varige dispensasjonane. I proposisjonen som låg til grunn for lovforslaget vart det dessuten nemd at departementet ser behov for å forenkle og harmonisere dei ulike reglane for dispensasjon som gjeld i dag. Forslaget til forskrift om dispensasjon er utarbeide med bakgrunn i dette.

Vidare fatta Stortinget vedtak, i samsvar med forslag til proposisjonen, at det framleis skal vere ein pedagognorm, det vil sei ein norm for antall barn per pedagogisk leiar. Departementet har gitt heimel i den nye barnehagelova § 18 siste ledd til å fastsetje utfyllande forskrift om pedagogisk bemanning. I forslaget til ny forskrift vert den norma som gjeld i dag vidareført, det inneber ein førskulelærar per 7-9 born når borna er under tre år, og ein per 14 -18 born når borna er over tre år.

Det følgjer av § 12 annet ledd i den nye barnehagelova at forvalningslova kapittel IV og IV ikke gjeld ved opptak i barnehage, og at det skal vere forskrift om handsaming av søknader om opptak i barnehage. Forslag til sakshandsamingsregler for opptak er utarbeid på bakgrunn av dei føringane som vart gjeven i Odelstingsproposisjonen som lå til grunn for føresegna i loven.

Formålet med forskriften er å sikre at opptak i barnehagen skjer på ein måte som ivaretar tryggleiken til søkerane og ei forsvarleg og effektiv sakshandsaming.

Forslaget til forskrift om foreldrebetaling, forskrift om familiebarnehage og forskrift om politiattest i barnehagen er i hovudsak ei vidareføring det regelverk som gjeld i dag. Forslag til forskrift om føring av register til bruk i samband med kontroll av utrekning og utbetaling av kontantstøtte inneheld detaljreglar som i dag står i sjølve lovteksten. Dei detaljerte reglane om føring av registeret vert såleis no flytta frå lovtekst til forskrift.

Plikten til å søkje godkjenning er skjerpa i den nye barnehagelova. Enkelte verksemder som i dag lovleg kan drive utan godkjenning, vert godkjenningspliktige når lova trer i kraft. Sidan dette skjer midt i barnehageåret, foreslår departementet overgangsregler for verksemder som er i drift og som vert godkjenningspliktige 1. januar 2006.

Vurderinger og konsekvenser

Frist for å kome med innspel var 1.november 2005. Skaiå barnehage og Utdanningsforbundet har kome med innspel, sjå vedlegg 2 og 3.

Departementet foreslår at den noverande pedagognorma vert vidareført, dvs. ein pedagogisk leiar per 14-18 born, når borna er over tre år, og ein pedagogisk leiar per 7-9 born når borna er under tre år. Høyringsinstansane vert særskild bedne om å vurdere om desse forholdstala er formålstenlege, eller om det bør vere andre tal barn per pedagogisk leiar.

Til pkt.1.4. Forslag til forskrifter om pedagogisk bemanning, gitt med hjemmel i barnehagelovens § 19, sjette ledd, foreslår Utdanningsforbundet at ordlyden endres til:
”Det skal være minimum en pedagogisk leder per 14 barn når barna er over tre år, og minimum en pedagogisk leder per 7 barn når barna er under tre år. Det skal være minst en førskolelærer/pedagog i tillegg til pedagogisk leder, slik at det blir pedagogisk bemanning i hele barnehagens åpningstid.”

Bakgrunn for forslaget frå Utdanningsforbundet er at barnehagen er ein pedagogisk institusjon. Dei syner og til vurderinga frå departementet om at bemanninga i barnehagen og den samla kompetanse må vere tilstrekkeleg til at krava i lova i rammeplanen og lova vert oppfylt. Departementet referer vidare plikta pedagogen har til å legge individuelle omsyn til grunn for det pedagogiske opplegget, slik det er presisera i § 2 i barnehageloven, sitat ”*gjelder for alle barn uansett oppholdstid.*”

Utdanningsforbundet mener det er naudsynt med fleire førskulelærarar/pedagogar per avdeling/gruppe born, fordi arbeidstida til ein pedagogisk leiar ikkje svarer til åpningstida i barnehagen. Vidare at med alle dei oppgåver som ein pedagogisk leiar får ansvar for, vil det ikkje vere mogleg å oppfylle krava i rammeplanen og lova, dersom den pedagogiske leiaren ikkje får hjelp frå andre pedagogar.

Utdanningsforbundet meiner at dei lokale politikarane i Iveland vil det beste for borna slik som dei, og at det då er viktig at ein får normer for minimum av bemanning, slik at overføring til kommunane sikrer at barnehagane får ein tilnærma lik kvalitet. Samt at barna får eit pedagogisk utdanna personale, og nok personal til at kvalitet og tryggleik vert ivaretatt.

Utdanningsforbundet ynskjer å sikre normer for minimum når det gjeld pedagogisk personale slik som dei andre nordiske landa i OECD har.

Utdanningsforbundet er skuffa over at departementet ikkje har satt krav til den øvrige bemanninga i barnehagen. Dette gjeld både utdanning og norm for den totale bemanning i barnehagen, jamfør krav i barnehageloven og forslag til rammeplan, der det står krav til kva personalet skal.

Skaiå barnehage viser til innspell til høyring ny barnehagelov, der personalet meinte at pedagogtettleiken bør vere større enn i dag. Det bør vere fleire pedagogen enn ein pedagogisk leiar på ei avdeling med 14-18 born når borna er over tre år, og per 7-9 born når borna er under tre år. Barnehagen har lang åpningstid, og med berre ein pedagog vert store deler av dagen uten pedagog.

Personalet i Skaiå barnehage er svært skuffa over at departementet ikkje sett krav til øvrig bemanning i barnehagen. Dette gjeld både utdanning og norm for den totale bemanninga i barnehagen, jamfør krav i barnehageloven og i forslag til rammeplan, der det står kva personalet skal. Personalet i barnehagen er, sitat: ”*glade for at vi har politikere som prioriterer barn og unge i kommunen. Vi vet også at rammeoverføringene til kommunen kan være med på å tvinge politikernes gode meninger i retninger de ikke selv ønsker, og håper sterkt på å få politikernes støtte på at vi må ha minimumsnormer. Vi håper at dette skal sikre gode rammeoverføringer til de minste i kommunen.*”

Styrar i Skaiå barnehage kommenterer at det er viktig med godt kvalifisera personale, både pedagogar, barne- og ungdomsarbeidare, assistenter og andre. Dei fleste er enige i at det er ein sjølvsgađ ting at det skal vere ein lærar til stade i kvar skuletime. Med den pedagogtettleik som er i barnehagen i dag(sentral minimumsnorm), er avdelinga utan pedagog halve tida det enkelte barn er i barnehagen. I Iveland har vi noe større pedagogtettleik sidan politikarane har prioriteta

det, men med økonomiske innstramninger vert det vanskeleg å halde ved lag den pedagogtettleik vi har. Styrar i Skaiå barnehage meiner at det derfor er viktig å ha nokre sentrale minimumsnormer.

Til § 3, midlertidig dispensasjon, foreslår Utdanningsforbundet at ordlyden i andre avsnitt vert endra til:

"Kommunen kan innvilge midlertidig dispensasjon fra denne forskrift § 1 for inntil ett år av gangen når særlige hensyn tilser det."

Utdanningsforbundet har kommentar til pkt.1.5. Forslag til forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrar og pedagogisk leiar, gitt med hjemmel i barnehageloven §§ 17 og 18.

Til § 2, Varig dispensasjon ønskjer Utdanningsforbundet i Iveland at det ikkje skal vere mogleg å få varig dispensasjon frå krav til utdanning for styrar og pedagogisk leiar.

Styrar i Skaiå barnehage meiner at det ikkje må vere mogleg å gje midlertidig dispensasjon for meir enn 1 år av gongen. Desto raskare ein kan få ein pedagog tilsett, desto betre, og styraren er heilt i mot at det skal vere mogleg å gje varig dispensasjon.

Utdanningsforbundet har kommentar til pkt. 7.2. "Forslag til forskrift om føring av register til bruk i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte, gitt med hjemmel i barnehagelovens §8, fjerde ledd, §3, Føring og sikring av register. Utdanningsforbundet meiner at ingen oppgåver i forhold til kontantstøtte hører til under dei administrative oppgåvene i ein barnehage, og at dei ikkje bør stå nemd under forskrifter til barnehageloven.

Krav til areal.

Utdanningsforbundet ønskjer at det skal vere forskrift om krav til areal til barnehager, lik det krav som er i dag. Utdanningsforbundet grunngjer dette med at det er behov for ein sikringsføresegn om arealkrav, meir enn det som vert gjengjeven i rammeplanen om krav til areal.

Personalet i Skaiå barnehage meiner det er viktig å få ein forskrift som sikrer krav til areal i barnehagen slik som det er i dag.

Vedlegg:

1. Forslag til forskrifter til ny barnehagelov
2. Skaiå barnehage- høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov
3. Utdanningsforbundet i Iveland- høyring forslag til forskrifter ny barnehagelov.



IVELAND KOMMUNE
Skaiå barnehage
4724 Iveland

Iveland kommune
4724 Iveland

LHL

IVELAND KOMMUNE	
ARKIVSØKNAD	
28 OKT 2005	
Ark. Kodin:	Oppdrag:
Saksbehandler:	Kassar:
Kopi til:	
Dato: 27.10.2005	

Høring – Forslag til forskrifter til ny barnehagelov.

Personalet i Skaiå barnehage har alle fått invitasjon til å kommentere forslag til forskrifter til ny barnehagelov.

Førskolelærerne har gitt tilbakemelding, og gitt egen høring gjennom Utdanningsforbundet. De andre ansatte har ikke gitt spesiell tilbakemelding, men vi sendte kommentarer i vår på forslag til lov om barnehager.

Vi skrev da:

- Pedagogtettheten bør være større enn i dag. Det bør være flere pedagoger enn en pedagogisk leder på en avdeling med 14-18 barn over 3 år/ 7-9 barn under 3 år. Vi har lang åpningstid og med bare en pedagog blir store deler av dagen uten pedagog.
- Personalet er svært skuffet over at departementet ikke har satt krav til barnehagens øvrige bemanning. Dette gjelder både utdanning og norm for barnehagens totale bemanning. Jamf. Krav i barnehageloven og i forslag til rammeplanen, der det står krav til hva personalet skal.
- Personalet mener også at det er viktig å få en forskrift som sikrer arealkravet til barnehagene slik som det er i dag.

"Vi er glade for at vi har politikere som prioriterer barn og unge i kommunen.

Vi vet også at rammeoverføringene til kommunen kan være med på å tvinge politikernes gode meninger i retninger de ikke selv ønsker, og håper sterkt på å få politikernes støtte på at vi må ha noen minimumsnormer.

Vi håper at dette skal sikre gode rammeoverføringer til de minste i kommunen."

Som styrer ser jeg hvor viktig det er med godt kvalifisert personale, både pedagoger, barne- og ungdomsarbeidere, assistenter og andre.

De fleste er enige i at det er en selvfølge at det skal være en lærer til stede i hver skoletime. Med dagens pedagogtetthet i barnehagen (sentral minimumsnorm) er avdelingen uten pedagog halve tiden det enkelte barn er i barnehagen.

Vi har noe større pedagogtetthet i Iveland siden politikerne har prioritert det, men med økonomiske innstramminger blir det vanskelig å opprettholde den pedagogtetthet vi har. Derfor er det viktig å ha noen sentrale minimumsnormer.

Dispensasjoner.

Jeg mener det ikke må være mulig å gi midlertidig dispensasjon for mer enn 1 år av gangen. Jo før en kan få en pedagog ansatt, jo bedre er det, og jeg er helt i mot at det skal være mulig å gi varig dispensasjon.

Hilsen,

Maia Haukom
Maia Haukom
Styrer Skaiå barnehage



Iveland kommune
4724 Iveland

LHL

IVELAND KOMMUNE	
ADRESSE ASKV	Tlf. 37 96 21 30
25 OKT 2005	
Ark kode P	Ark kode S
Voksnehendler	Kassør
KAY *	

Adresse: 4724 Iveland
Tlf: 37 96 21 30
E-post: maia-h@frisurf.no

Dato: 24.10.2005

Høring – Forslag til forskrifter til ny barnehagelov.

Styret i Utdanningsforbundet Iveland har gitt alle førskolelærere i kommunen invitasjon til å kommentere forslag til forskrifter til ny barnehagelov.

Styret har sammenfattet kommentarene og vedtatt følgende høring fra Utdanningsforbundet Iveland.

Pkt.1.4 **Forslag til forskrift om pedagogisk bemanning, gitt med hjemmel i barnehagelovens §19 sjette ledd.**

§1. Norm for pedagogisk bemanning

Utdanningsforbundet foreslår følgende ordlyd:

Det skal være minimum en pedagogisk leder per 14 barn når barna er over tre år, og minimum en pedagogisk leder per 7 barn når barna er under tre år.

Det skal være minst en førskolelærer/pedagog i tillegg til pedagogisk leder, slik at det blir pedagogisk bemanning i hele barnehagens åpningstid.

Begrunnelse:

- Barnehagen er en pedagogisk institusjon
- Viser også til departementets vurdering om at barnehagens bemanning og samlede kompetanse må være tilstrekkelig til at lovens og rammeplanens krav kan bli oppfylt. Departementet har videre referert til pedagogens plikt til å legge individuelle hensyn til grunn for det pedagogiske opplegget, slik det er presistert i barnehagelovens §2 "gjelder for alle barn uansett oppholdstid"
- Det er nødvendig med flere førskolelærere/pedagoger per avdeling/gruppe barn, fordi en pedagogisk leders arbeidstid ikke tilsvarer barnehagens åpningstid.
- Med alle de oppgaver som en pedagogisk leder får ansvar for, vil det ikke være mulig å oppfylle lovens og rammeplanens krav, dersom den pedagogiske leder ikke får hjelp av andre pedagoger.
- Den nye barnehageloven har mange forslag med ord som: "tilstrekkelig, tilfredstillende og forsvarlig". Dette er ord som gir store muligheter til vurderinger. Da kan det i mange kommuner bli økonomien som styrer kvalitet. Våre lokale politikere vil det beste for barna slik som vi, og da er det viktig at vi får noen minimumsnormer slik at overføring til kommunene sikrer at barnehagene får en tilnærmet lik kvalitet, og at våre barn får pedagogisk utdannet personale, og nok personalet til at kvalitet og sikkerhet blir ivaretatt.
- Vi ønsker å sikre minimumsnormer for pedagogisk personale slik som de andre nordiske land i OECD har. Norge ligger her dårligst an.

Utdanningsforbundet er svært skuffet over at departementet ikke har satt krav til barnehagens øvrige bemanning. Dette gjelder både utdanning og norm for barnehagens totale bemanning. Jamf. Krav i barnehageloven og i forslag til rammeplanen, der det står krav til hva personalet skal.



§3. Midlertidig dispensasjon.

Utdanningsforbundet foreslår endring i andre avsnit)

Kommunen kan innvilge midlertidig dispensasjon fra denne forskrift §1 for inntil ett år av gangen når særlige hensyn tilser det.

- Pkt.1.5 Forslag til forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder, gitt med hjemmel i barnehageloven §§ 17 og 18.**

§2. Varig dispensasjon.

Utdanningsforbund Iveland ønsker ikke at det skal være mulig å få varig dispensasjon fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder.

- Pkt.7.2 Forslag til forskrift om føring av register til bruk i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte, gitt med hjemmel i barnehagelovens § 8 fjerde ledd.**

§3. Føring og sikring av registeret.

Utdanningsforbund Iveland mener at ingen oppgaver i forhold til kontantstøtte hører til Under de administrative oppgavene i en barnehage, og de bør ikkestå nevnt under forskrifter til barnehageloven.

Annet:

Utdanningsforbundet Iveland ønsker at det skal være forskrift om arealkrav til barnehager, lik dagens krav.

Begrunnelse:

Utdanningsforbundet mener det er behov for en sikringsbestemmelse om arealkrav, mer enn det som gjengis i rammeplanen om krav til areal.

Hilsen

Styret i Utdanningsforbundet Iveland

Jarle Bjellås
Hovedtillitsvalgt